

STATUSRAPPORT



16.06.17

NRK Nynorsk mediesenter

Vi har lært opp 130 nynorskpraktikantar sidan 2004, og 61,5 prosent av dei arbeider i media. 50 prosent er i NRK.

Totalt har 53 tidlegare nynorskpraktikantar fast arbeid i media, 45 av dei er i NRK. Så langt i år har to fått fast arbeid i NRK.

Leiinga i NRK har nyleg vedteke ein handlingsplan for nynorsk i NRK for 2017-18. Der står det at det er eit leiaransvar å syte for at det er minst 25 prosent nynorsk i NRK. Planen skal fornyast kvart år.

Handlingsplan for nynorsk i NRK

– Skal NRK greia å oppfylle kravet om å levera mykje og god nynorsk også i framtida, må vi løfta dette kravet høgare opp i medvitet vårt. Nokre redaksjonar leverer langt over kravet om minst 25 prosent, medan andre synest det er vanskeleg å levera nynorsk i det heile, står det i den vedtekne handlingsplanen. Språkstyret i NRK og ei prosjektgruppe har sett på årsakene til dette og kjem med løysingar som dei meiner, med enkle grep, kan føre til positive endringar.

– Eg kan ikkje hugs at det er laga ein handlingsplan for nynorsk i NRK før, og det er ein konkret og god plan. Det blir spennande å sjå korleis det går med han frå papir til handling. Vi skal gjere det vi kan for å levere dyktige nynorskpraktikantar som kan tilsettast, seier Magni Øvrebotten, leiar for NRK Nynorsk mediesenter.

Vi tek med eit lengre utdrag av handlingsplanen, i von om auka merksemd kring han. Du finne heile planen på nettsida vår www.nynorskmediesenter.no



"Sovande" nynorskkompetanse

14 prosent av dei redaksjonelle medarbeidarane i NRK er nynorskbrukarar, syner ei undersøking laga i høve handlingsplanen. Tala viser også at 20 prosent av dei som svarar at dei skriv bokmål privat, seier at dei skriv nynorsk *godt* eller *svært godt*.

Når det kjem til leiarane, er det om lag åtte prosent som er nynorskbrukarar privat, og fleire av dei skriv mest eller berre bokmål på jobb. – Trass i at vi har ein god bank med nynorskbrukarar og folk med nynorskkunnskap i staben, viser svara at nesten ingen av bokmålsbrukarane skriv nynorsk på jobb, medan nynorskbrukarane i større grad vekslar. Det er altså mykje på hente på å bruke den «sovande» nynorskkompetansen som alt finst i NRK, heiter det i handlingsplanen.

Nynorsk i NRK er eit leiaransvar

Toppleiargruppa skal sikre at NRK-leiarane tek ansvar for at NRK når målet om minst 25 prosent nynorsk i NRK. Nynorskmålet skal inn i målkorta til redaksjonelle leiarar i NRK.

- For å tydeleggjera kravet til gjennomføring, vert nynorskkravet sett inn i målkorta frå topp til botn i organisasjonen, heiter det i rapporten. Vidare vert det forventa at leiarar med nynorskkompetanse brukar nynorsk på jobben. - Den «sovande» nynorskkompetansen hjå medarbeidarar og leiarar er ein viktig ressurs. Leiarar har ansvar for at NRK tar denne ressursen i bruk. Det gjeld både redaksjonelt og i leiarskriv.

Endringar i medievanar og publisering krev særleg merksemd på nynorskinnhald på nett og i sosiale medium. Det er eit mål å auke bruken av nynorsk der. Det er avgjerande for den framtidige posisjonen til nynorsk i NRK.

Nynorskprofilar




NRK satsar på nynorskbrukarar i talent- og profilutvikling. NRK-redaktørar skal ha ein offensiv plan for å få opp fleire nynorskprofilar i si linje. Profilane er rollemodellar som sender viktige signal, både internt og eksternt. Profilbygging fortel kven vi ønskjer å vera og kva verdiar NRK står for.

Nynorsk mediesenter si rolle som kompetansesenter skal utgreiast. Det skal vurderast om Nynorsk mediesenter i tillegg til rekruttering også skal ha ansvar for språkleg kompetanseutvikling (vår utheving).

NRK skal ha ein strategisk kompetanseplan for nynorsk. Redaksjonar og avdelingar med låg nynorskprosent skal prioriterast. Planen skal innehalda tiltak som kurs, evaluering og etablering av ei gruppe med nynorskfadrar. Det skal utviklast eit eige feature-kurs for nynorskbrukarar, med kjende feature-journalistar som førelesarar.

Språkkompetansen i redaksjonar og avdelingar skal kartleggjast. Formålet med ei slik kartlegging er å få oversikt over kven som faktisk kan skriva nynorsk, kven som kan oppmuntrast til å skriva meir nynorsk på jobb, og kven som bør få tilbod om kurs.

Slutt på omsetting til bokmål



Intervju og saker laga av nynorskjournalistar skal ikkje omsettast til bokmål. Det gjeld også når det blir laga nettversjonar av radio- eller tv-saker.

Endringar av språkregistrering i CV. Personalsida må endrast slik at alternativa vert nynorsk, bokmål og samisk, i staden for berre «norsk». Dette vil gje oss nyttig oversikt over språkkompetansen i NRK og over kven som treng oppfrisking eller kurs.

Tilsetjingsbrev og arbeidsavtale på nynorsk. Både tilsetjingsbrev og arbeidsavtale må vera tilgjengelege på nynorsk, bokmål og samisk.

Råd til leiarane

NRK blir eit språkleg fyrtårn om leiarane prioriterer godt språk og legg til rette for meir nynorsk, heiter det i handlingsplanen som har desse tipsa til leiarane:

Språkkontaktane. Når du startar arbeidet med å setja planen ut i live, set deg ned i lag med språkkontakten, og lag ein plan for nynorsktiltaka i redaksjonen din. Språkkontakten har avsett éin dag i månaden til språkrøkt.

Nynorsk mediesenter. Bruk rekrutteringstiltaket NRK Nynorsk mediesenter aktivt for å nå måla dine og for å få opp nynorskprosenten i avdelinga di (vår utheving).

Tenk nynorsk når du rekrutterer. 25 prosent av det NRK publiserer skal vera på nynorsk. Ta omsyn til det når du rekrutterer. Det meste av rekrutteringa i NRK i dag skjer internt eller

som vikarar og tilkallingsvikarar. Still krav om kompetanse både i nynorsk og bokmål når du skriv utlysingstekst og når du intervjuar søkerar.

Inspirer nynorskbrukarar til å skriva nynorsk på jobben. Bruk dei i posisjonar der dei publiserer innhald. Bruk måling og evaluering aktivt for å skapa motivasjon og merksemd om nynorsk i NRK.

Språkmiljø. Det er viktig å sikra eit godt språkmiljø i redaksjonen. Dersom du skal skapa eit godt klima for nynorskbruk, bør det vera minst to eller tre habile nynorskbrukarar som kan spela på kvarandre.

Planen skal fornyast kvart år

Handlingsplanen skal gje nynorskbruken i NRK eit løft i perioden 2017–2018, og den skal vera eit nytt, permanent styringsdokument i NRK. Planen må såleis rullerast, første gong i slutten av 2018 for ein ny planperiode som byrjar i 2019. Språksjefen og språkstyret har ansvar for rulleringa.



Oppfølging av leiaransvaret: Kringkastingssjefen presenterer planen internt og eksternt. I tillegg blir planen forankra på vanleg vis, frå leiar til leiar, frå leiar til medarbeidar.

Kvar avdeling skal talfeste eit mål for nynorskproduksjon for det komande året. Målet skal vera ambisiøst og spegla den strategiske satsinga for å styrkja nynorskbruken i NRK. Målet skal godkjennast av redaktør på nivå 3 og leggst inn i målkortet. Redaktør har ansvar for ein tiltaksplan som er tilpassa dei ulike utfordringane i dei ulike avdelingane. Tiltak kan plukkast frå nynorskplanen.

Språksjefen sender minst ein gong i året ut målingar til alle leiarar, med målformmålinga i eteren, talet på nettsaker i redaksjonen, oversyn over kor mange nettsaker som er skrivne på nynorsk, og nynorskbrukande profilar. Vidare informerer språksjefen på leiarmøte i programdivisjonane og gir råd direkte til leiarar. Redaksjonane fører også sjølv tilsyn over korleis det står til med nynorskbruken og legg planar for å få medarbeidarane til å publisera meir på nynorsk. Språk og nynorskrav er tema i utviklingssamtalane som leiarane har med dei tilsette, og som leiarane har i linja gjennom året. Det vert også ein del av rapporteringa til årsrapporten.

Oppfølging av profilbygging, rekruttering, og kompetansebygging: Alle redaksjonar rapporterer inn nynorskbrukarar i sine redaksjonar og kva posisjon dei hadde ved inngangen til 2017 og ved årsslutt i 2017 og 2018. Ved årsslutt skal leiarane også rapportera kort om korleis dei har jobba med dette, kva som har fungert, og kva som ikkje fungerer. Dei skal også vurdere status for nynorskkompetansen i eigen redaksjon. Dette blir ein del av målkortsamtalane, og skal også rapporterast til språksjefen.

Nynorsk i tal – målingar gjennom året og ved årsslutt

- Vi held fram dei tradisjonelle målformmålingane ved årsskiftet, men synleggjer tala tydelegare gjennom året.
- Minst årlege målingar med målformmålinga i eteren, talet på nettsaker i redaksjonen, oversyn over kor mange som er skrivne på nynorsk, nynorskbrukande profilar, og så vidare, skal sendast ut til alle leiarar.
- Talet på nynorskartiklar blir ein del av standardoppsettet i evalueringssystema og i det faste oversynet over artiklane kvar redaksjon har publisert (akkurat no, siste sju og siste 30 dagar).
- Vi startar med målingar av nynorsk også på saker og seriar laga for NRK TV og SoMe, ikkje berre på dei tradisjonelle plattformene.
- Vi tel opp nynorskbrukarar i ulike avdelingar og redaksjonar og ser på utviklinga over ein toårsperiode; ikkje for å knyta dette til målformmålinga, men for å sjå om tiltaka i handlingsplanen gjev ringverknader.
- Det blir sett tidsfristar for arbeidet. Startskotet går når handlingsplanen for nynorsk er presentert tidleg i 2017, med oppfølging i 2018 og 2019.

NYE JOBBAR:

Svein Ove Hansli frå NRK til Nationen



Redaksjonssjefen i Økopol i NRK Nyhende, Svein Ove Hansli, er tilsett som nyhenderedaktør i Nationen. Hansli har vore redaksjonssjef i Økopol sidan hausten 2014 og byrjar i den nye jobben over sommaren.

- Det er synd å miste Svein Ove Hansli. Han har gjort ein solid jobb som redaksjonssjef for økonomi- og politikkkredaksjonen. At flinke folk av og til kan ønskje seg nye og andre utfordringar er likevel forståeleg, og vi ønskjer Svein Ove lykke til i Nationen, seier nyhendedirektør i NRK, Alexandra Beverfjord, til NRK.no.

- Hansli har lang røynsle frå NRK, der han har leia høgkompetente folk gjennom krevjande digitale endringar. Hansli har leia komplekse prosjekt, som planlegging og gjennomføring av NRK si valdekking i 2015, i alle kanalar og på alle plattformer. Han blir sentral i det strategiske arbeidet vårt med å knyte saman redaksjonelt og kommersielt arbeid, i tillegg til å utvikle journalistikken slik at Nationen blir meir relevant for alle, skreiv Nationen då dei presenterte den nye nyhenderedaktøren på nettet.

Svein Ove Hansli (1976) gjeikk på det fyrste kullet med nynorskpraktikantar i 2004-2005. Etter det arbeidde han ei tid i NRK Sogn og Fjordane før han byrja i Dagsnytt. Før han i 2014 vart redaksjonssjef for dei som arbeider med økonomi og politikk i NRK Nyhende var han reporter og vaksjef i Dagsrevyen. Hansli kjem frå Vinje i Telemark.

To fekk fast jobb i NRK Sogn og Fjordane



Solveig Svarstad og Wilhelm Støylen har fått fast jobb i NRK Sogn og Fjordane. Svarstad gjekk på kull 24 med nynorskpraktikantar, 2015/16, og fekk vikariat i NRK Sogn og Fjordane etter avslutta praksis der. Støylen gjekk på kull 16, våren 2012, og har etterpå arbeidd i ulike redaksjonar i NRK og som skodespelar.

– Vi har sjeldan hatt ein medarbeidar som på så kort tid har gjort kometkarriere i NRK. I løpet av det siste året har ho vore programleiar på radio, jobba som reporter på nett og radio og vikariert i Vestlandsrevyen, seier redaksjonssjef Linda Olin Reite i NRK Sogn og Fjordane om Svarstad.

Solveig Svarstad (1989) kjem frå Bremanger i Sogn og Fjordane og har mastergrad i medievitskap frå Universitetet i Bergen. Ho skreiv masteroppgåve om samanslåinga av Edda Media og A-prensa til Amedia.

– Eg er sjølv sagt glad for fast jobb, men eigentleg trur eg ikkje det har gått opp for meg enno. Fyrst og fremst er eg takknemleg, og no gjeld det å syne at eg fortener den faste jobben, seier Solveig Svarstad.

Wilhelm Støylen (1980) har fast jobb for fyrste gong i livet. - Det kjennest bra ut. Det er veldig kjekt å få fast jobb i NRK Sogn og Fjordane. Her jobbar det ein ung, engasjert og kvalitetsbevisst gjeng som det er fint å vere ein del av, seier Wilhelm Støylen.

Wilhelm Støylen er utdanna skodespelar og har vore frilansar både som journalist og skodespelar. Som nynorskpraktikant hadde han praksis i Nitimen, og har seinare arbeidd i Nitimen, NRK Møre og Romsdal, Kveldsåpent og Norgesglasset. I NRK Sogn og Fjordane skal han både jobbe med nyhende og lage nynorsk barne-tv for NRK Super. Støylen var programleiar i NRK Super i to år før han vart nynorskpraktikant.

Ingrid Hognaland til Apeland



Ingrid Hognaland er tilsett som rådgjevar i kommunikasjonsselskapet Apeland. Ho kjem frå ein jobb som forskar/analytikar ved Forsvarets forskingsinstitutt. Ingrid Hognaland var nynorskpraktikant på kull fem, i 2006/07.

– Eg likar måten Apeland jobbar med kommunikasjon på, ved å legge vekt på innsikt og analyse. Som ein del av analysegruppa gler eg meg til å bruke data og analyse til å styrke arbeidet med kommunikasjon ytterlegare, og medverke til å trekke ut essensen og gje liv til tala, sa Ingrid Hognaland i ei pressemelding Apeland sende ut i mai.

Ingrid Hognaland (1986) kjem frå Nedre Vats i Rogaland og var nynorskpraktikant på kull fem, i 2006/07. Ho hadde ekstern praksis ved lokalkontoret til NRK Rogaland i Haugesund, og arbeidde der som tilkallingsvikar ei tid etterpå. Ho fekk fast jobb som journalist i Tysvær Bygdeblad og seinare som nettjournalist i Haugesund Avis, før ho utdanna seg til siviløkonom ved Norges Handelshøgskule. Ho var tilkallingsvikar i NRK Hordaland medan ho studerte på NHH. Etter avslutta utdanning våren 2014 fekk ho jobb som forskar/analytikar ved Forsvarets forskningsinstitutt (FFI).

Vi har lært opp 130 nynorskpraktikantar



Når kull 26 er ferdige som nynorskpraktikantar 30. juni har vi sendt frå oss 130 nynorskpraktikantar sidan starten i 2004. Fire av fem på dette kullet har fått sommarjobb, men når sommaren er over veit ingen av dei kva framtida byr på i media.

Dei byrja på opplæringa ved nyttår og har vore i ekstern praksis sidan mai. Wibeke Bruland er i NRK Finnmark, og har fått sommarjobb i NRK Sogn og Fjordane. Aleksander Båtnes har praksis i NRK Møre og Romsdal og held fram der som sommarvikar. Sigrid Sørumgård Botheim er i Kulturnytt i NRK P2 og held fram som sommarvikar. Espen Breivik har praksis i avdelinga for økonomi og politikk i NRK Nyhende, og skal vere sommarvikar der. Snorre Sandemose har praksis i NRK Sogn og Fjordane.

Sigrid Sørumgård Botheim (1985), frå Lesja i Oppland: - *Tida som praktikant har gått utruleg fort. Opplæringa er så intensiv og lærerik at ein ikkje heilt rekk å tenkje over alt ein lærer. Nå eg ser bakover til januar kan eg ikkje heilt tru at eg har lært så mykje så fort. Da vi begynte på Mediesenteret syntest eg det var rart å kalle meg journalist. Det synest eg ikkje nå lenger.*

Aleksander Båtnes (1992), frå Sula i Møre og Romsdal: - *Livet som nynorskpraktikant er hektisk og krevjande, men definitivt verdt det. Eg trur ikkje det er mange plassar ein kan ha ei like bratt læringskurve.*

Snorre Sandemose (1983), frå Gulen i Sogn og Fjordane: - *Å vere nynorskpraktikant inneber rett og slett at ein får prøve seg som journalist eit snautt halvår. For den som ikkje har prøvd seg som radio- og nettjournalist, kan det vere ei krevjande øving å kaste seg uti dette. Det har det vore for meg, og eg synest det har vore gjevande og interessant.*

Wibeke Bruland (1984), frå Utvik i Stryn, Sogn og Fjordane: - *Eg har lært utruleg mykje desse månadane. No meistrar eg oppgåver eg såg på som utenkelege i starten. Det er mykje å hugse på. På ein reportasje skal du ut for å ta bilde, få lyd til radio, gjerne filme, lage Snapchat og ikkje minst spørje dei rette spørsmåla. I NRK Finnmark har eg blitt kasta ut som live-reporter, laga SoMe-videoar, oppdatert Snapchat, skrive artiklar, lest Finnmarksnytt og mykje meir. Eg har hatt det veldig fint i ekstern praksis, har fått gjere alt og hatt fritt spelarom. Samstundes må ein vere sjølvstendig. Det beste med opplæringa er å kome i eit miljø der kollegaene er oppdaterte og interesserte i alt som skjer. Det er ei effektiv og bra opplæring, heilt klart ein hestekur!*

Espen Breivik (1992), frå Volda i Møre og Romsdal: - *Å vere nynorskpraktikant har verkeleg vore eit lynkurs i journalistikk og NRK som medieinstitusjon. Eg har lært meir enn venta, blitt utfordra og utvikla meg mykje på kort tid. Vi har lært å jobbe med alle medium, nett, TV, radio og SoMe, til ulike sendeflater. Det er heilt klart ein fordel i dagens mediekvardag. Å lære seg å kjenne NRK sine eigne programvarer og rutinar er også ein stor fordel for vidare jobb i NRK. I praksis har eg blitt tatt seriøst og fått jobbe med ulike saker. Det har vore mykje jobb, nervar, stress og høgt nivå, men den beste treninga og erfaringa i å vere journalist. Eg har også blitt ein stolt nynorskbrukar.*

Kull 27 – fire kvinner og ein mann

Nynorskpraktikantane frå hausten av er Borghild Andersdotter Vevle, frå Osterøy i Hordaland, Synne Ulltang, frå Os i Hordaland, Ådne Sandvik Dyrnesli, Kinsarvik i Hordaland, Arianrhod Engebø, Førde, Sogn og Fjordane, og Linda Watten, Luster i Sogn og Fjordane. Det var 29 søkjarar og ti av dei var inne til konferanse.

Kull 27 skal byrja på opplæringa i Førde 21. august i år, og er ferdige her til jul. I januar og februar skal dei ha ekstern praksis i andre redaksjonar, og dei er ferdige som nynorskpraktikantar til 1. mars 2018.



Ådne Sandvik Dyrnesli, fødd 1993, kjem frå Kinsarvik i Hardanger, men bur no i Naddvik i Årdal. Han har bakgrunn som dokumentarfotograf, men har også arbeidd med video og andre meir kunstretta uttrykksformer. Han har to års fotografutdanning frå Nordic School of Photography i Oslo. Han har også ei årseining i kunsthistorie frå Universitetet i Oslo, og fotolina frå Lofoten folkehøgskule.

Arianrhod Engebø, fødd 1994, frå Førde i Sogn og Fjordane, med mor frå Wales. Både for å kome seg ut og kome nærmare familien i Wales har ho studert journalistikk ved Universitetet i Cardiff. I bacheloroppgåva si skriv ho om skilnaden mellom norske og engelske ungdomar sin bruk av sosiale medium. Under studia i Cardiff har ho mellom anna fått arbeidsrøynsle frå BBC Wales, der ho var produksjonsassistent under filminga av serien Doctor Who. Til sommaren skal ho vere sommarvikar i lokalavisa Firda. Det var ho også i fjor sommar.



Synne Ulltang, fødd 1989, frå Lepsøy, Os i Hordaland. Arbeider som lektor på ein skule i Havøysund i Finnmark. Ho har master i engelskspråkleg litteratur frå Universitetet i Bergen. Det fyrste året av bachelorgraden reiste ho til University of British Columbia, i Vancouver, der ho tok fag som nyare russisk litteratur, antropologi, kunst- og religionshistorie. Vidare studerte ho engelsk litteratur ved Universitetet i Oslo og var ein svipptur innom lærarutdanninga ved Universitetet i Stavanger.



Borghild Andersdotter Vevle, fødd 1993, frå Osterøy i Hordaland. Ferdig utdanna førskulelærer denne våren, ved Høgskulen i Bergen. Før ho byrja på den utdanninga studerte ho journalistikk ved Norges Kreative Høgskule i Bergen i eitt år. Men der var det så mykje snakk om at det ikkje var jobbar til dei var ferdige at ho satsa på plan B, det trygge yrket førskulelærer. No har kome til at ho må prøve ut journalistdraumen, som ho har hatt sidan tidleg i tenåra. I studietida har Vevle vore med i student-TV i Bergen, vore frivillig språkvert på språkkafe og arbeidd på sjukeheim.

Linda Watten, fødd 1994, frå Luster i Sogn og Fjordane. Ferdig med ein bachelor i sosiologi ved Høgskulen på Vestlandet denne våren. Har også eit årsstudium i engelsk frå høgskulen i Sogndal. Ho har vore frilansar for Sogn Avis og arbeidd i nærradioen i Luster. Om somrane har ho vore turistguide for Skjolden Cruice Handling i Luster og pleieassistent på sjukeheimen. Watten har også vore aktiv i AUF.



Sølve Rydland fekk Alf Helleviks mediemålpris



delar ut prisen.

Alf Helleviks mediemålpris for 2017 gjekk til Sølve Rydland i NRK Hordaland. Denne mediemålprisen går til yngre, faste nynorskbrukarar i radio og fjernsyn som legg vekt på å dyrke eit normalisert nynorsk talemål. Det er Det Norske Samlaget som

Sølve Rydland er 33 år og kjem frå Knarvik utanfor Bergen. Sidan han var nynorskpraktikant i Nynorsk mediesenter i 2005/2006 har han vore knytt til NRK

Hordaland. Fyrst som tilkallingsvikar i studietida og seinare journalist, kommentator, vaktsjef og reportasjeleiar. Han vart nyleg tilsett i ei stilling som digital historieforteljar.

Juryen skreiv dette i grunngjevinga for prisen: Rydland er ein god og allsidig journalist. Nynorsken er stødig i alle situasjonar, og han er eit godt språkleg førebilete for kollegaer og lyttarar. Nynorsk, og spesielt normert talemål, er under press og Rydland bidreg til å dempe dette presset. Frå i år er Rydland tilsett som digital historieforteljar i NRK Hordaland og arbeider med fakta og dokumentar for nettpublisering. Her vert både tekst, lyd, bilete og video brukt. Når publiseringsformene endrar seg og smeltar saman vert det endå viktigare med gode nynorskbrukarar, både munnleg og skriftleg.

I nemnda som deler ut Alf Helleviks Mediemålpris sit Sigvart Østrem, Inger Størseth Haarr og Magni Hjertenæs Flyum. Tildelinga var er samrøystes. Prisen er på 25.000 kr og vart delt ut på årsmøtet til Det Norske Samlaget.

Journalistpris til Line Omland Eilevstjønn



Journalist Line Omland Eilevstjønn, i Vest-Telemark blad, fekk Telemark Journalistlag sin featurepris for artikkelen «Saknet etter far». Artikkelen stod i Vest-Telemark blad i høve farsdagen i fjor, og handla om tre elevar i sams klasse som miste fedrane sine i løpet av få år.

I juryen si grunngjeving står det mellom anna at: - Sorg og savn er klassiske temaer innen featurejournalistikken, men denne reportasjen skiller seg ut. At tre elevar i samme klasse i en liten grendeskole mister faren sin med få års mellomrom, er uvanlig, og det er en god ide å la dem prate sammen om hvordan de opplevde det. Det er nå gått mellom ti og femten år siden det skjedde, og alle tre stiller opp til intervju i anledning farsdagen.

Artikkelen framstår som gjennomtenkt og gjennomført, både i utskriving og layout.

Åpningen med tre dødsannonser satt ved siden av hverandere er et slående grep som effektivt viser hvor personlige erfaringene deres er, samtidig som de har dem til felles.

«Saknet etter far» er alt i alt en svært god lesesak, som berører og overrasker, skriv juryen.

Line Omland Eilevstjønn var nynorskpraktikant på kull 23, våren 2015. Ho hadde ekstern praksis i NRK Telemark. Etterpå fekk ho jobb i Vest-Telemark blad som SoMe-ansvarleg, for å nå ut til ungdom.

Prisvinnarane takkar redaktøren i Klassekampen



Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar går i år til Guri Kulås og Jens Kihl i Klassekampen. Dei deler prisen på 50.000 kroner. Guri Kulås er filmmeldar i avisa og har arbeidd der i 20 år. Jens Kihl er politisk journalist og byrja hausten 2013. – Vi lyt få takke Bjørgulv Braanen. Vi er så heldige å ha ein redaktør som ser på nynorsken som eit naturleg nyheitsspråk. Vi har heile vegen stått fritt i val av målform og jamvel blitt oppmuntra til å bruke nynorsk i det daglege arbeidet vårt. Den fridomen set eg stor pris på, seier Guri Kulås.

Juryen for Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar gjev òg litt ros til avisa:

– Klassekampen aukar opplaget, samstundes som avisa har vore leiande i å bruke nynorsk, som ei av få riksaviser. Årets tildeling er dermed òg ein flik av heider til ei riksavis som har gått føre i å vise at vi kan skrive om alt på nynorsk.

Ei glede å gje prisen

Om Guri Kulås seier juryen at ho kombinerer eit høgt språkleg nivå med eit høgt fagleg nivå. Ho skriv ledig og oppfinnsamt, og samstundes klart og presist. – Fagleg deler ho vurderingane sine av estetiske sider ved filmene på ein måte som gir lesaren innsikt i dette kunstuttrykket, og ho gjer det tilgjengeleg og forståeleg for eit publikum som ikkje er filmfagleg skulert. Som filmjournalist i ei riksdekkande avis bidrar Kulås til å gjere nynorsken til ein naturleg og integrert del av eit breitt og populærkulturelt uttrykk. Kombinasjonen av stringent språk, lyttande haldning til kunstverkets under- og overtonar, og ei evne til å ta aktuelle samfunnsspørsmål på kornet, gjer det til ei glede for denne juryen å gi prisen til Kulås.

Ein gullpenn med overskot

– Jens Kihl skriv leikent og underhaldande, har blikk for detaljar, og teft for gode saker. Fleire av sakene hans har sett politisk dagsorden, og har levd vidare i andre media og i Stortinget, skriv juryen. Dei meiner at Jens Kihl føyer seg inn i den særeigne nynorske journalisttradisjonen som kombinerer lett med tungt, humor med alvor. På sitt beste er Kihl ein gullpenn med stort overskot. – Det siste året har Klassekampen drive folkeopplysing om kommune- og regionreforma, og Jens Kihl har stått heilt sentralt i det arbeidet. At han har greidd kunsten å gjere desse reformene til interessant og underhaldande lesnad er i seg sjølv god nok grunn til at han fortener denne prisen, skriv juryen.

Dette er den siste tildelinga frå noverande jury for Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar. Der er kommunikasjonssjef Håkon Haugsbø leiar, og han har med seg forfattar/journalist Agnes Ravatn og redaktør Svend Arne Vee. Heile juryen har takka nei til attval og departementet arbeider med å sette saman ein ny jury frå 1. juli 2017.

Prisen vert delt ut under Dei nynorske festepela i Ørsta fredag 30. juni. Grunnen til at vi omtalar prisen er at NRK Nynorsk mediasenter er sekretariat for juryen. Denne oppgåva var Kulturdepartementet si gåve til oss då kulturministeren opna senteret i 2004.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 1. juli 2017 har vi sendt frå oss 130 nynorskpraktikantar og 61,5 prosent av dei arbeider i media, 50 prosent av dei i NRK. Totalt har 53 tidlegare nynorskpraktikantar fast arbeid i media, 45 av dei arbeider i NRK.

Vi har tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale medium. Døme: Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Sporten, P2-programma Ekko og Studio 2, Norgesglasset, Kveldsåpent og Natradioen i NRK P1 og ved distriktskontora i Finnmark, Troms, Nordland, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Telemark, Oppland og i Østlandssendinga.

Det er også journalistar med bakgrunn herifrå som nyhendeanker i TV 2, som gjestebookar i Senkveld i TV 2, og i avisene Møre-Nytt, Telemarksavisa og Drammens Tidende, på nettet i Dagens Næringsliv, i produksjonsselskapet Monster og som journalist og SoMe-ansvarleg i Vest-Telemark Blad.

Andre arbeider som informasjonsfolk og rådgjevarar i til dømes: Språkrådet, Kirkens Nødhjelp, Barne- og likestillingsdepartementet, Røde Kors, Skatt Vest, Norges Bondelag, Norske Kunstforreningar, Senterpartiet si stortingsgruppe, Von kommunikasjon og Netlife Research.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølve hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

Kull 25: 22. august 2016 – 28. februar 2017.



Marte Iren Noreng **Trøen** (1990) har sommarjobb i NRK Sogn og Fjordane. Anders Tesdal **Galtung** (1993) har sommarjobb i NRK Hordaland og Krista Lien **Indrehus** (1989) i NRK Sogn og Fjordane. Josef Benoni Ness **Tveit** (1997) er vikar i NRK Nordland og Kathrine **Nygård** (1993) er programleiar i programmet "Skolefri" i NRK Super.

Kull 24: 4. januar – 30. juni 2016




Martin **Torstveit** (1992) er fast tilsett i NRK Telemark. Martha **Våge** (1989) er vikar i programmet Studio 2 i NRK P2. May-Helen **Rolfsnes** (1993) er vikar i NRK Hordaland. Solveig **Svarstad** (1989) og Aleksander **Åsnes** (1990) er fast tilsette i NRK Sogn og Fjordane.

Kull 23: 24. august 2015 – 29. februar 2016



Kjersti Anderdal **Bakken** (1990) er fast tilsett i NRK P1, Tyholt. Thomas **Brakstad** (1989) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, Line Omland **Eilevstjønn** (1993) er journalist og SoMe-ansvarleg i Vest-Telemark Blad. Elise Sundfør **Erdal** (1986) er lærar i vaksenopplæringa i Oslo, og Even **Lusæter** (1979) er vikar i NRK Hedmark og Oppland.

Kull 22: 4. januar – 30. juni 2015



Bård Holmen **Solvik** (1985) er tilsett som kommunikasjonsrådgjevar i Valdirektoratet frå 1. august. Olav Åsen **Haugsgjerd** (1988) studerer historie ved Universitetet i Bergen. Gunhild **Årdal** (1987) er sommarvikar i NRK Utanriks. Steinar **Daltveit** (1989) har sommarjobb som produsent for "P3 Sommer". Signe Fuglestad **Luksengard** (1990) er tilkallingsvikar i NRK Supernytt og arbeider som frilansar og fotograf.

Kull 21: 25. august 2014 – 28. februar 2015



Elias **Engevik** (1995) studerer TV-teknikk ved Høgskulen på Lillehammer og er tilkallingsvikar i NRK Hedmark og Oppland. Tor-Erik **Humlen** (1988) er vikar som gjestebookar i programmet Senkveld i TV 2. Ine **Eftestøl** (1984) er fast tilsett i NRK Finnmark, Hibba **Sarmadawy** (1987) er tilkallingsvikar i VG og Sigrid Agnethe **Hansen** (1989) er fast tilsett i NRK Troms.

NRKs rekrutteringsprogram gjev **prioritet**

Heilt sidan 2008 har NRK hatt reglar om prioritet til stillingar for dei som går dei strategiske rekrutteringsprogramma, NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe. Grunnen til at NRK driv desse tiltaka er trongen for fleire nynorskbrukarar og fleirkulturelle medarbeidarar.

Gjeldande formuleringar vart vedtekne i direktørmøte 1. oktober 2013, i retningslinene for bemanningskontroll. Her er grunnregelen med kommentarar og utdjujingar:

NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe er strategiske rekrutteringstiltak fordi vi ønsker et økt antall ansatte og vikarer som snakker nynorsk eller har flerkulturell bakgrunn. Søkere fra FleRe-prosjektet og Nynorsk mediesenter betraktes som interne søkere i tre år etter gjennomført program, og de skal gis prioritet til ansettelse i stillinger de er fullt ut kvalifisert for.

Det samme gjelder for praktikantordningen i NRK Sàpmi. De samme reglene for lovlig midlertidig ansettelse gjelder for disse som for andre midlertidige.

Kommentarer og utdyping: Dette innebærer at vi til tross for bemanningskontroll fortsatt har som mål å øke andelen nynorskbrukere og flerkulturelle redaksjonelle medarbeidere i bedriften. Søkere fra våre strategiske tiltak har følgende muligheter:

- De kan søke og ansettes i internt utlyste stillinger, men allerede fast ansatte prioriteres foran dem.
- Eksterne ansettelse i faste stillinger må godkjennes i direktørmøtet. Dette gjelder ikke ved ansettelse av kandidater fra Nynorsk mediesenter eller FleRe, da disse regnes som interne.
- Ved eksternt utlyste stillinger skal de prioriteres til stillinger de er fullt ut kvalifisert for foran vikarer og andre eksterne søkere.

Formulering ved *interne* utlysingar: Sommaren 2015 vart det bestemt at når NRK lyser ut stillingar internt så skal det stå i utlysingsteksten at berre fast tilsette og kandidatar frå NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter kan søke på desse stillingane. Formuleringa lyder slik:

På grunn av dagens bemanningssituasjon i NRK er det berre fast tilsette medarbeidarar og kandidatar frå NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter som kan søkje på denne stillinga.

FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for some, nett, radio og fjernsyn. 10 praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Magni Øvrebotten

NRK FleRe – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio og fjernsyn. Fem praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett og avis. Åtte-ti praktikantar i året. Starta hausten 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Nynorsk avissenter er samlokalisert med avisa Firda i Førde. Leiar: Ivar Myklebust Longvastøl.

Samarbeider om kurs og førelesingar

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk mediesenter samarbeider mellom anna om gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk.

Sidan hausten 2015 har vi invitert journalistar i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal til å delta på utvalde kurs/gjesteførelesingar. I 2016 nytta 15 journalistar seg av tilbodet.

Våren 2017 stod ti kurs på lista, og dei samla til saman 42 deltakarar. Redaktøren i Klassekampen, Bjørgulv Braanen, samla klart mest då han var her og snakka om "samfunnsoppdraget".